



Jan Ove Aarset
Olsvikmarken 53
5183 OLSVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1951 - 21/18317

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
17.03.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 494/48 Bognøy

Tiltak: kai, bod, anneks og terrasse
Byggjestad: Gbnr: 494/48
Tiltakshavar: Jan Ove Aarset
Ansvarleg søkjar: Jan Ove Aarset

Kommunen stadfestar å ha mottatt søknaden din den 24.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Teikningar

Du har levert gode teikningar av altanen, men ingen teikningar av kai, anneks/bod. Du må senda inn teikningar/skisser eller foto med mål på.

Bruk av bygning

Det du kallar anneks/bod, blir det brukt til overnatting?

Tidlegare godkjenningar

Det vi einaste vi finn i byggesaksarkiv for Radøy kommune, er godkjenning av tilbygg på 15 m² i 2003. Opprinneleg hytte var truleg oppført før søknadsplikt vart innført. Både kai og anneks/bod var søknadspliktige/meldingspliktige i 1995 .

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **innan 17.04.2021** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Ove Aarset
Jan Ove Aarset

Olsvikmarken 53
Olsvikmarken 53

5183 OLSVIK
5183 OLSVIK